



ÅRSMELDING FOR 2009

JØSNESET BYGDARÅD

Årsmøtet blei halde 12.03.09.

Forslaget frå valnemda blei einstemmig godkjent og klappa gjennom.
Oddbjørn Fossaa - attval leiar
Terje Bremnes, attval styremedlem
Helga Havnerås, attval styremedlem
Kåre Hansen, attval varamedlem
Sven Westersjø, attval varamedlem
Ellen Lovise Eiane Brandal: nytt medlem i valnemda
(Rasin går ut av valnemda, Solveig blir sitjande 2 år til og Lars Reidar 1 år til).

På første styremøte konstituerte styret seg slik:

Leiar: Oddbjørn Fossaa
Sekretær: Silje Sværen
Kasserar: Berit S. Hjorteland
Styremedlem: Terje Bremnes (ansvarleg innkjøp) og Helga Havnerås (ansvarleg Trivselsstova)

ÅRET 2009:

- Bygdarådet har hatt 6 møter
- Me arrangerte Bygdakveld 24. mars der Odd Harald Olsen fortalte om utvandringa til Amerika
- **Ryddedag:** 7. mai. Godt oppmøte, med pølser, brus og kaffi som vanleg.
- **Jonsok-feiringa** var som ellers i Skiftu-stranda. Det var godt oppmøte, og me hadde telt oppe, felles grilling og leiker på stranda.

- **Trivselsstova:** Helga Havnerås er kontaktperson for utleige av trivselsstova.
Tlf: 51 54 26 12 eller 419 21 013.
Det er vedteke innkjøp av nye gryter, og det er kjøpt inn songbøker som kan brukast av t.d. eldrekubben.
- **Ballbinge:** Blei opna 18. juli med servering av grillmat, fotball- og volleyballkamper samt Ungdomslaget sitt loppemarked. Har vore mykje i bruk, no seinast som isbane.
- **Opning av scenen:** Bygdarådet var med som festarrangør då scenen blei opna 12. september. Det var ungdomstrekk i Trivselsstova, opning med underhaldning frå scenen, matservering og fest i gymsalen etterpå.
- **Jøsneset på nett:** Vår heimeside www.josneset.no. har blitt veldig flott, og har mykje besøk. Den blir jevnleg oppdatert med små og store nyheter frå bygda. Bygdarådet, Ungdomslaget og Helselaget er saman om å driva sida, som no er i ferd med å få ny utforming.
- **Gapahuken:** Bygdarådet tar sin del av ansvaret for drift og vedlikehald av Gapahuken ved Fosstemmen, som m.a. har fått nytt steinbord og grill.
- **Høyningsuttale til nye ferjeruter:** I januar kom det forslag til ny ferjeruter i Hjelmeland – Ombo – Nesvik – sambandet, som skal samsvara betre med dei nye rutene i Tau-sambandet. Bygdarådet kom med høyningsuttale.
-
- **Nye utedøbel til skuleplassen:** Det er kjøpt inn 4 nye sittegrupper (2 til vaksne og 2 til barn) som skal vera på plass til 17. mai.
- **Andre saker me har jobba med:**
 - o **Delteke på årleg fellesmøte** med kommunen og dei andre bygdaråda
 - o **Berit Hjorteland har vore representant** i kommunen si arbeidsgruppe for kommuneplanen, infrastruktur og kommunikasjon
 - o **Gateadresser på Jøsneset.** Det skal innførast gateadresser i heile kommunen, og Berit Hjorteland har jobba med forslag til gatenamn på Jøsneset, basert på gamle stadsnamn
 - o **Betre vedlikehald på gravplassen.** Me har klagt på at gravplassen ofte ser ustelt ut, men kyrkjekontoret skuldar på for små ressursar. Me jobbar vidare med saka.
 - o **Tomter for sal og hus til leige.** Bygdarådet har jobba med å få ei oversikt over aktuelle tomter for sal og ledige hus til leige, uten at det har gitt konkrete resultat i 2009. Bygdarådet kan bistå grunneigar/huseigar med praktiske ting dersom dei ønskjer det.
 - o **Plassering av Miljøstasjonen.** Her er det framleis inga løysing i sikte. Me jobbar vidare med å skaffa ein god stad for å etablera ny Miljøstasjon.
 - o **Kantslått langs offentleg veg.** Både langs kommune- og fylkesvegar i bygda er det eit stort problem med manglande kantslått. Me har forklart problemstillinga for kommunen, men dei kan ikkje lova snarleg betring.

Skiftun 08.02.2010 Silje Sværen